


# Fangstregistrering og skjelprøvar

Fiskeforvaltaren har oppmoda alle som fangar **laks** og **sjøaure** å ta skjelprøvar av all fanga fisk over **0,5 kg**. Skjelprøvetakinga vert organisert av *Rådgivende Biologer AS*.

Skjel er "ferdsskrivarar" til fisken og dei gjev mykje informasjon. Ein kan sjå kor gammal fisken er, kor gammal den var då den gjekk ut frå elva og ein kan rekne ut fisken si lengd ved ulike aldrar. Skjellesing er den enklaste metoden for å skilja villaks og rømd oppdrettslaks, og ein kan også bruka skjelprøvar til å gjera genetiske analysar.

Skjelprøva skal takast på sida av fisken, mellom rygg og feittfinnen (sjå teikning). Skrap først av slimet med ein kniv, tørk av kniven og risp så med knivbladet i retning framover på fisken.



Få med mange skjell, minst 20 stk. Stikk knivbladet ned i skjelkonvolutten, knip konvolutten fast til kniven og dra kniven ut. Fyll så ut rubrikkane på konvolutten, og hugs at **lengda** på fisken er det viktigaste. Mål fisken frå snute til spissen på sporden når den ligg naturleg utstrekt.

Skriv også på **vekt**, **fangstdato** og **namn på elva**. Dersom du skriv kjønn på fisken, skriv då om du har opna den. Dette er nyttig informasjon i det vidare arbeidet med forvaltning av fiskebestandane i vassdraget.

Vi treng skjel frå så mange fisk som mogeleg, både villaks, oppdrettslaks, sjøaure og regnbogaure. Dersom du finn fisk som er merka, må desse fiskane også takast prøve av, samstundes som opplysingane om merkenummer returnerast til rette instans (står på merket). Noter også merkenummer på skjelkonvolutten. **Hugs å sjekka om feittfinna er klipt!** Mange klekkeri merkjer fiskane sine ved å klippe feittfinna, og utsett smolt kan elles vera vanskeleg å skilja frå rømd oppdrettslaks. Notér elles eventuelle skader på fisken som kan indikera om han er rømd oppdrett

Resultata frå skjelanalysane vil bli meld tilbake til dei som organiserer fisket i vassdraget innan neste fiskesesong.